



Vedtekter for skolefritidsordninga i Aure kommune

Vedtatt i Formannskapet 10.06.21, sak 28/21.

VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA I AURE KOMMUNE

1. FORMÅL

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4.årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7.årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesse hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal bli gjeve gode utviklingsvilkår.

Areala ute og inne skal vere eigna for formålet (Oppl.lova §13-7).

2. EIGARFORHOLD

Aure kommune eig og driv SFO og er ansvarleg for drifta. Skolefritidsordninga skal drivast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, kommunale vedtak, vedtekter og årsplaner.

3. OPPTAK

- Søknad om SFO-plass skal sendast elektronisk på digitalt skjema. Papirskjema kan brukast unntaksvis. Påmeldinga blir behandla administrativt av rektor. Klage på opptak skal sendast Aure kommune og blir behandla av Formannskapet.
- Søknadsfristen er 1.april. Suppleringsopptak skjer gjennom heile året, så sant det er plass.
- Opptaket gjeld til eleven er ferdig på 4.trinn, eller til plassen blir sagt opp.
- Oppseiing av plassen skjer elektronisk via digitalt skjema med 1 månads varsel frå den 1.eller 15.dag i månaden.
- Om opphaldsutgiftene ikkje blir betalt, kan ein miste plassen.

4. OPPTAKSKRITERIER

Opptakskriterier i prioritert rekkefølge:

- 1) Barn som av PPT, barnevernet eller liknande instansar er tilrådd plass.
- 2) Yngre elevar går framfor eldre.
- 3) Barn som manglar tilsyn heime før og etter skoletid.
- 4) Barn til einslege foreldre.
- 5) Dersom fleire barn enn det er plass til oppfyller opptakskriteria, kan det takast omsyn til samansetting av gruppa m.o.t. alder, kjønn og barn som krev spesielle tiltak.

5. FORELDREBETALING

Kommunestyret vedtek betalingssatsar for kvart budsjettår.

Det blir krevd foreldrebetaling for 10 månader pr. år.

Hushaldningar med låg inntekt kan søke kommunen om fastsetting av redusert foreldrebetaling for elevar på 1. - 4.trinn.

For SFO-tilbodet til barn med særskilte behov på 5.-7.trinn er det ingen foreldrebetaling.

Det blir gjeve 30 % søskenmoderasjon for søsken nummer to og 50 % moderasjon for søsken nummer tre eller fleire.

6. LEIING OG BEMANNING

Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for skolefritidsordninga. Det skal som hovudregel ikkje vere meir enn 14 barn pr. tilsett.

7. PLASSTILBOD OG ÅPNINGSTIDER

Skolefritidsordninga gjev tilbod i samsvar med skoleruta.

Dagleg åpningstid er mandag – fredag kl. 07.30 – 16.30.

Åpningstid utover det ordinære kan fastsettast av rektor i samråd med samarbeidsutvalet og innafor budsjettamma.

Skolefritidsordninga kan gje tilbod om heilplass og deltplass. Det er mogeleg å kjøpe enkelttimar, forutsett at det er tilstrekkeleg bemanning opp mot antal elevar på SFO.

Tilboda ved dei enkelte avdelingane skal i størst mulig grad tilpassast det lokale behovet.

Den enkelte SFO-avdeling gjev nærare informasjon om kva tilbod som blir gjeve.

Om den enkelte SFO-avdeling klarer å løyse spesielle utfordringar/behov innan eigne økonomiske rammer, kan reglane ovanfor finne ei lokal tilpassing.

Det er tilbod om sommar-SFO etter skolen slutter i juni og før skolestart i august. Det er ikkje tilbod om sommar-SFO i juli. Det må minimum vere fem påmeldte den enkelte veke for at tilbodet skal opprettast.

8. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Areala ute og inne skal vere tilpassa dei aktivitetane som skal drivast.

Lokala skal vere godkjende etter Forskrift for miljøretta helsevern.

9. ENDRINGA AV VEDTEKTENE

Vedtektene for skolefritidsordninga skal vedtakast av Hovedutvalg for helse og oppvekst. Mindre redaksjonelle endringar blir gjort administrativt.